



Oppslutnaden om årsmøtet var uvanleg stor denne gongen – på grunn av saka om verdisetjinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det blir ikkje noko ny verdisetjing av fiskeressursen i Uskedalselva førebels. Det var konklusjonen då saka var oppe under årsmøtet på Stemneplassen fredag. Styret skal arbeida vidare og koma med eit forslag om endring – eller ikkje endring.

Frammøtet til årsmøtet var uvanleg stort, rundt 20 av partshavarane var møtt og grunnen til det var utan tvil verdisetjingssaka. Utgangspunktet for drøftinga var det heilt ferske resultatet av ei spørjegransking med fire alternativ. 35 av dei 42 parthavarane hadde svara og 18 gjekk inn for å behalda den noverande ordninga der det vert betalt ut luter med bakgrunn i skyldmark.

Ni av dei som ville ha ei endring gjekk inn for ei ordning der det vert betalt ut luter med bakgrunn i den elvelengda ein eig. Åtte ville at halvparten av utbetalinga vert delt på antal partshavarar og halvparten vert fordelt med bakgrunn i antal meter elv.

Vettrhus viste til at røystetala var ganske like for den noverande ordninga og ei nyordning og difor må styret arbeida vidare for om mogeleg å finna ei god løysing.

Arne Terje Haugland viste til resultatata av elektrofiske og streka under at heile elva og ikkje berre deler av den er viktig for produksjonen av fisk.

Vettrhus streka under at det vil vera fordelaktig i åra framover å satsa på tilrettelegging for fiske i heile elva.

Allereie no vankar det mykje skryt for det som er gjort i så måte.

- Ingen del av elva er viktigare enn ein annan, heldt han fram.

Hans Reidar Kjærland sa at det er ei stor utfordring å finna fram til den best mogelege løysinga i denne saka. Skyldmarken er nytta til no og det er ikkje lett å finna noko betre alternativ enn den. Men den kan delast opp meir eksakt.

Bjarte Døssland var einig med Kjærland og viste til at det er forskjellige meiningar om kva som er viktigast i ei slik verdivurdering. Det er problematisk å komma fram til ei ordning som alle er nøgde med.

Ståle Eik åvara sterkt mot at det blir satsa for mykje på denne saka. Skyldmarken kan slå svært uheldig ut for einskilde strekingar av elva, men det kan ein ikkje gjera noko med. - Uansett er det ikkje store summar det gjeld og det er betre å nytta pengane til kalking enn til advokatmat, meinte Eik.

- Men snakk i alle høve med advokatar før styret gjer noko meir med saka, sa han.

Styret i Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag er uendra etter årsmøtet: Med seg har Vettrhus Tore Musland, Johannes Feet, Trond Myklebust og Sigmund Myklebust medan Geir Enes og Ståle Eik er varamedlemmer.

Dette er dei prioriterte tiltaka i 2008:

- * Halda fram med rydding langs elva.
- * Skilta og letta tilkomsten til dei gode fiskeplassane
- * Auka talet på innrapporterte kort, særleg årskort
- * Registrera gode fiskeplassar/soner og få desse inn på kart som ein del av marknadsføringa. * Halda fram arbeidet med informasjon og bruk av linken på heimesida til uskedalen.no


Årsmøtet vedtok å auka depositumet på årskort frå 200 til 500 kroner for å få fiskarane med årskort til å bli flinkare til å melde inn fangsten. I haust mangla halvparten av rapportane og dette er svært uheldig fordi dei er med og dannar basis for tiltaka i elva. Ordninga med døgncort fungerer langt betre.

Det vart i fjor haust meldt inn fangst av 377 kilo fordelt på 274 kilo laks og 103 kilo aure. Det var ein nedgang frå 2006.

Det vart seld 59 årskort og 84 døgncort.

Arne Terje Haugland opplyste under årsmøtet at sprenging ved Gravefossen har hatt stor verknad for oppgangen av fisk. Det har gått fisk på over ni kilo forbi gamleskulen og det var ikkje mogeleg før.

Av Ola Matti Mathisen



Arne Terje Haugland: - Heile elva er v iktig for produksjonen av fisk. (Foto: Ola Matti Mathisen)